UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for samfunnsmedisinske fag

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse
2012/11962-ELSØ

Dato
26.10.2012

Utlysing av professor/førsteamanuensis i allmennmedisin

Institutt for samfunnsmedisinske fag ønskjer å lyse ut ei 50 % stilling som professor/førsteamanuensis i medisin (allmennmedisin). Stillinga er ein del av instituttet sitt langtidsbudsjett med finansiering frå annuum.

Vedlagt er utlysingstekst og stillingsomtale på norsk og engelsk. Dersom mogleg ber me om at søknadsfristen vert sett til medio desember 2012.

Me ber om at stillinga vert lyst ut så snart som råd er.

Venleg helsing

Rolv Terje Lie
Instituttleiar

Eldbjørg Sanden Søvik
seniorkonsulent

vedl.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Institutt for samfunnsmedisinske fag
Telefon 55586100
Telefaks 55586130
post@isf.uib.no

Postadresse
Postboks 7804
5020 Bergen

Besøksadresse
Kalfarveien 31
Bergen

Sakshandsamar
Eldbjørg Sanden Søvik
55586142

Professor/førsteamanuensis (50 %) i medisin (allmennmedisin) ved Institutt for samfunnsmedisinske fag

Ved Institutt for samfunnsmedisinske fag, Det medisinsk-odontologiske fakultet, Universitetet i Bergen er det ledig ei fast stilling som professor (50 %) i medisin (allmennmedisin). Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte aktuelt å tilsetje førsteamanuensis.

Vi søkjer etter lege med forskingskompetanse innan allmennmedisin. Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar til ein 50 % stilling, kan ein vurdere tilsetting i mindre stillingsbrøkar.

Institutt for samfunnsmedisinske fag driv forsking og undervisning innafor fagområda: allmennmedisin, arbeidsmedisin, epidemiologi, førebyggande medisin, fysioterapivitskap, genetisk rettleiing, medisinsk etikk og vitskapsteori, medisinsk statistikk, sosialmedisin, sjukepleievitskap og trygdemedisin.

Vedkomande som vert tilsett skal initiere og leia forsking, drive forskingsrettleiing, delta i undervisning av studentar og eksamensarbeid, og ta på seg administrative oppgåver etter dei til ein kvar tid gjeldande reglar.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finna lenger nede på denne sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar professor Rolv Terje Lie ved Institutt for samfunnsmedisinske fag. Tlf.: 55 58 85 33, e-post: rolv.lie@isf.uib.no.

Løn
Professor vert lønt etter lønssteg 70-75 (kode 1013) i lønsregulativet til staten. Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59-62 (kode 1011/lønsramme 24.3-24.6)i lønsregulativet til staten, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Kvalifikasjonar
Søkjarar må ha utdanning som lege og ha ph.d.-grad eller tilsvarande kompetanse. Relevant klinisk spesialitet i allmennmedisin er ønskjeleg.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk og tenestestad er Bergen.

Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Retningsliner
Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Legg ved:

- CV
- vitnemål
- attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- ei liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15 for professor og maks 10 for førsteamanuensis)

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen for ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Ein viser til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetting i professorater".

Søknadsfrist:

Stillingsomtale

Professor/førsteamanuensis (50 %) i medisin (allmennmedisin) ved Institutt for samfunnsmedisinske fag

Instituttet er organisert i forskingsgrupper med ansvar for forskingsaktiviteten ved instituttet og i faggrupper med ansvar for undervisinga. Den/dei som vert tilsett skal delta i undervisning av studentar på profesjonsstudiet i medisin og anna relevant undervisning og vil vera knytt til faggruppe for allmennmedisin. Den/dei som vert tilsett kan i samråd med instituttleiar velje kva for ei forskingsgruppe ein ønskjer å knytte seg til.

Den som vert tilsett må ha forskingskompetanse frå relevant allmennmedisinsk forsking. Det vil bli lagt vekt på om søkjarane har erfaring med eller vil drive forsking og rettleiing innan eit av dei relevante forskingsfelta ved instituttet. Ein ønskjer å tilsetje legar med brei klinisk allmennmedisinsk erfaring i stillinga, og det er ønskjeleg med spesialitet i allmennmedisin. Det vil bli lagt vekt på erfaring innan prosjektarbeid, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Det vil vidare bli lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid og eventuell leiarerfaring.

Vedkomande skal initiere og leia forsking, drive forskingsrettleiing, delta i undervisning av studentar og eksamensarbeid, og ta på seg administrative oppgåver etter dei til kvar tid gjeldande reglar.

Undervisningsspråket er norsk og tenestestad er Bergen.

Den som vert tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjinga.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innafor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett og bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til. Den tilsette kan bli pålagt å delta i universitetets styringsorgan, komitear og anna arbeid.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggas reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og nivå

- oversyn over mastergrads- (hovudfags-) og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendier og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjing skjer på grunnlag av vurdering av vitskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande myndigheit inkludert intervju og eventuell prøving av dugleik i undervisninga.

Permanent part-time position as Professor/ Associate Professor of Medicine (General Practice) at the Department of Public Health and Primary Health Care

The Department of Public Health and Primary Health Care, Faculty of Medicine and Dentistry, University of Bergen has a vacant permanent part-time position as a professor (50 %) in General Practice. If no qualified applicant applies for the professor position, it will be open for an appointment to the position of associate professor.

We are looking for a physician with research expertise relevant for general practice. If no qualified applicants seek a 50% position, we might consider hiring in smaller percentages.

The Department of Public Health and Primary Health Care conducts research and teaching within the subject areas of general practice, occupational medicine, epidemiology, preventive medicine, physiotherapy science, genetic counseling, medical ethics and theory of science, medical statistics, social medicine, nursing science and social medicine.

The persons who are appointed will be expected to initiate and supervise research, undertake research supervision, participate in teaching of students and examination work, and undertake administrative tasks according to current regulations.

Additional information about the position can be obtained by Head of Department of Public Health and Primary Health Care Professor Rolv Terje Lie. Phone: + 47 55 58 85 33, email: rolv.lie@isf.uib.no

Salary
Professor salary will be paid in accordance with level 70-75 (code 1013) on the government salary scale, at present NOK 595 200 - 655 400 gross p.a. for a full time position. For an associate professor salary will be paid in accordance with level 59-62 on the government salary scale (code 1011/pay framework 24.3-24.6); at present NOK 485 400 - 513 000 gross p.a. for a full time position; following ordinary meriting regulations. A pension contribution of 2 % will be deducted and deposited to the state pension scheme. In the case of particularly highly qualified applicants a higher salary may be considered.

Qualifications
Candidates must have a PhD or equivalent qualifications, and a relevant clinical specialty is desirable.

Basic teaching training is a requirement. The successful candidate will be offered appropriate training if this requirement has not been met before the appointment.

The teaching language will be Norwegian and the working place is in Bergen.

Guidelines
The successful applicant will be required to take part in teaching and examination programmes in force at any time and to comply without additional remuneration with any amendments that may be introduced by legislation with regard to curriculum, pension schemes and retirement age.

Women in particular are invited to apply. If, in the opinion of the evaluation committee, several applicants have approximately equivalent qualifications, the rules on equal opportunities laid down in the Personnel Regulations for Academic Positions will be applied.

State employment shall reflect the multiplicity of the population at large to the highest possible degree. The University of Bergen has therefore adopted a personnel policy objective to ensure that we achieve a balanced age and sex composition and the recruitment of persons of various ethnic backgrounds. Persons of different ethnic backgrounds are therefore encouraged to apply for the position.

The University of Bergen applies the principles of public openness when recruiting staff to scientific positions.

Information about the applicant may be made public even though the applicant has requested not to be named in the list of applicants. The applicant will be notified if his/her request is not respected.

The successful applicant must comply with the guidelines that apply to the position at any time.

Application
How to apply for the position:

Upload the following and send the application and CV via the link "Apply for this job" at this website.

- CV with a complete overview of the applicant's education, earlier positions and other activities
- scanned copies of your certificates
- a list of attachments providing evidence of the applicant's teaching qualifications
- complete list of scholarly works, with information about where these have been published
- a list of works on which the committee should place special emphasis in its evaluation with information on where they have been published
- the scholarly works, or parts of such works on which the committee should place special emphasis in its evaluation (max 15 for a professor, max 10 for an associate professor)

The applications with attachments are sent electronically to the expert committee.

Please note that the applications will be forwarded to the committee with the information and attachments uploaded in JobbNorge at closing date. It is the applicant's responsibility to make sure all relevant documentation is present.

Reference is made to "Rules of procedure for appointments to chairs at the University of Bergen."

Closing date for applications:

Description of position

Permanent part-time position as Professor/ Associate Professor of Medicine (General Practice) at the Department of Public Health and Primary Health Care

The Department is organized into research groups with responsibility for research activities and in branches with responsibility for the teaching. The successful candidate will participate in the teaching of students in medicine and other relevant educations and will be affiliated with the Branch of General Practice. The appointed candidate may, in consultation with the department head choose which of the research groups she/he wishes to be associated with.

The successful candidate must have research expertise relevant for general practice. We are seeing applicants with broad clinical general practice experience for the position, and it is desirable with a specialty in general practice. Experience with coordination of research activities, as well as with strategic research planning will be an advantage. Willingness and ability to cooperate and leadership experience will also be an advantage.

Teaching language will be Norwegian and the working place is in Bergen.

Basic teaching competence is also a requirement, but the successful applicant who does not have such competence at the time of his/her appointment will be offered training and will be required to produce evidence of such competence within one year of the date of appointment.

Reference is made to the University's General Regulations which state that as port of the normal duties of the position, the successful applicant may also be required to undertake teaching, supervision and work in connection with examinations in his or her particular field outside the organisational unit to which the appointment belongs.

The University of Bergen emphasises that teaching qualifications are to be given extra emphasis in appointments to middle and top academic positions. Applicants must produce evidence of their own teaching qualifications. This can be done by submitting, for instance:

- evidence of completed teaching training
- evaluation reports of the applicant's teaching
- overview over scope and level of teaching
- overview over supervision of post-graduate and doctoral candidates, and
- results obtained
- student awards received
- own teaching publications
- own teaching compendia and material
- reports showing participation in projects related to the development of
- teaching, such as alternative forms of teaching, supervision or teaching

environments

Employment will be based on evaluation from a scientific evaluation committee in addition to an independent evaluation from the appointing authority including interview and eventually trial lecture.